



Garderobe

Utviklingsarbeidet vårt Livsmestring- "KLARE SJØLV" har no garderobe som fokus. Her er målet at barna skal vere mest mulig sjølvstendige etter alder og modning. Den vaksne si rolle er å tilrettelegge og støtte akkurat passelig til at barnet klarer sjølv det barnet er modent nok til å gjere. Med motivasjon og støtte klarer barna meir enn vi trur. Det bygger opp under sjølvbildet til barnet å kjenne at det meistrer og klarer sjølv. Vi i personalet jobbar med å lage gode rutiner og strukturer i garderoba. Vi treng hjelp av alle foreldre til å halde orden i garderoba og at alle foreldra tek i eit lite tak kvar dag. Samt at de og øver på at barnet kler på seg sjølv.

Vi vil ha ryddige hyller der kleda passer til veret og årstid. Vi vil ikkje ha for lite klede, eller for mykje klede i korgar og hyller. Hyllene skal vere oversiktlege for store og små. Om kleda barnet skal ha på seg den dagen ligg klar, er det lettare for barnet å finne fram sjølv og vere sjølvstendig. Dette vert nok noko vi kjem til å "mase" meir på framover.

Hyllene til barna er merka med det som skal vere i dei og vi ber om at de passar på. Med ryddige hyller legg vi grunnlaget for at barna og lærer seg struktur og skaper seg oversikt i kvardagen sin.

Dette forventar vi at foreldra skal gjere:

- Følg med at det er nok skift i korga, at kleda er passlege og tilpassa årstida.
- Sjå på kva hyllene er merka med og legg på rett plass.
- Rydd i hylla kvar dag, snu kleda rett veg, legg saman og ha det på rett plass. Sjå til at det er oversikteleg for ditt barn og at det finn det som skal brukast. Dvs at det kan ikkje vere for mykje klede i hylla.
- Ta med heim våte og skitne klede kvar dag. Ta med reint tilbake slik at her er det som barnet ditt treng neste dag.
- La barnet ditt øve på å kle på seg sjølv, hjelp og støtt barnet tilpassa alder og utvikling. Barnet klarer ofte meir enn vi trur.
- Tenk over kva kle barnet har på seg i barnehagen. Tynne lestar eller ankelsokkar er ikkje så kjekt å ha på i vinterstøvlane. Heller ikkje store hettegenser/jakker med t-skjorte under, for så å ha på tjukkegenser og dress. Ein tommelfinger regel er: Tenk over kva du ville hatt på sjølv ute i fleire timar med aktivitet i ulikt ver.
- På grunn av kvelningsfare ønsker vi ikkje klede med hetter og snorer i barnehagen.

På førehand takk for godt samarbeid!

